



Vik kommune

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10101970 - 38	
DATO 27 JAN. 2011	
AN	EKSP.

Tenestetorg

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Vår ref.
11/62-3

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Anne Guri
Schrøder

Direktenr

Arkiv
K2-U72

Dato:
26.01.2011

MELDING OM VEDTAK

Foreslått ordning med elsertifikater

Vik formannskap handsama saka i møte 24.01.2011, og det er gjort følgjande vedtak i saka:

24.01.2011 FORMANNSKAPET

Olav Turvoll ba om at det vart føreteke nokre omformuleringar i høyringsuttalen. Endringane vart vedtekne samrøystes og er innarbeidde i det endelege vedtaket.

FS-005/11 VEDTAK:

Vik formannskap vedtek at fylgjande høyringsuttale vert sendt Olje og energidepartementet:

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Formannskapet ser trongen for klimavennleg energi og framtidsretta næring, og er samd med regjeringa i at ein ordning med ein felles svensk – norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Vik kommune er det allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi, og det er bygd 2 småkraftverk med ein total produksjon på 12.7 GWh. Ingen av desse vil nytta godt av sertifikatordninga slik den er tilrådd. Vik kommune ber om at småkraftverk som er igangsette etter 1. januar 2004 får tildelt elsertifikat.

Samrøystes.

Høyringsuttalen frå Vik kommune vert med dette oversend til dykk

Med helsing


Anne Guri Schrøder
Leiar Tenestetorg

Kopi til:

Småkraftforeninga

Postboks 123 Lilleaker

0216

OSLO